Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 — Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Folldal

Emne: Ymse Attåtfôr — Bygdelag: N. Atnadal

Oppskr. av: Ivar A. Streitlien — Gard: ✓

(adresse): Tynset — G.nr. ✓ — Br.nr. ✓

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I Ukjend.

II —"—

III Anna fôr.

Brenneneslе., Mjølkje (Epilobium angustifolium) ormegras, anna gras som kvinnfolka plukka i steinrøysa og stader der ~~ljåen~~ ljåen ikkje kom.

Einebær og einenåler vart tørka og mole saman med salt. Denne blandinga fekk kyrne ein gong um dag og elles mot ymse sjukdomar.

IV Hestemøkk.

1. Gamalt var det vanleg med hestemøkk til kring 1900. Kvar ku skulde ha ei bytte om dag. Som liten gut måtte eg ofte bera inn møkk frå stallen til kyrne. Det var ikkje bruka hestemøkk under verdskrigen

2. Hestemøkka vart gjeve ublanda. Best var møkka av merrane. Jelkane og hingstane gav dårlegare møkk avdi denne vart blanda med ûrin.

3. Der dei sanka råkålauv, koka dei lauv og møkk til ein graut. Mjøl var ikkje bruka på hestemøkka. Grauten vart kokt i fjosgryta. Det var berre kyrne som fekk hestemøkk. Kyrne vart nok feite og feite av hestemøkka, men dei vart også „skrapne" (lause) og veike og hadde vondt for å stå på beinom når våren kom. Kokt hestemøkk var låkast i så måte, medan den rå var best.

1623

V Sörpefor.

1. Det er slutt med sörpe og varmt for. Omnane er tatt ut av fjöset, og det er ikkje reint liten brannfare.

2. Gamalt var det vanleg med „lög". Denne vart laga anten ved å slå kokande vatn på höj eller andre planter, eller ved å ha höjet oppi gryta og koke det. Narve frå 1. års eng ga beste logen. „Blautfor", matricaria inodora, var mykje bruka. Dei brukte ikkje å så i grasfrö i attlegget, og första åket vart det berre baldubra eller „hämanne" som er bygdanamnet. (Kva tyder elles namnet hämanne?). Dette graset vart hatt inn i ei særskild löe, „blautförlyüa", og „blautföret", som det nå vart heitande, vart det laga lög på. Nyberkyrne skulde först og fremst ha avdi det vart sers god log.

Elles vart det også bruka brennesle, mjölkje, eine, og lauv av vidje. til log-for.

3-6 Ukjend.

7. Log på brennesle og blautfor nemnd under V 2.

VI. Ukjend.

VII Ris. I vårknipa var det vanleg å brote ris. Ein måtte avreg tidleg um morgonen medan skaren heldt og hogge ei „risbyrd", eller hadde ein skikjelke, drog ein riset heim på denne. Sume gonger hende det at ein tok hesten, og så vart björka rothoggen og både björk og kvist köyrd heim, og riset hogge av heime. Eller ein kunde hogge av riset ute i skogen og köyre berre ris på lasset.

Det vart slutt på „risbrotinga" kring hundraårsskiftet.

1623
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING